Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Vår dato
01.10.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/11363 461.3
Dykkar referanse

Øyane Asvo AS
Tongane
5590 ETNE

## Rapport frå inspeksjon hos Øyane Asvo AS 10. september 2015

Rapportnummer: 2015.011.I.FMHO

**Kontaktpersonar ved inspeksjonen:**

Frå verksemda:
Siv Bente Stolpe Østbø
Trond Espen Mc Donald Bygland
Gro Marie Jespersen
Kåre Sørheim

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Britt Solheim
Ingrid Torsnes

**Resultat frå inspeksjonen**

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 4 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Internkontroll
- Farleg avfall
- Kjemikaliar
- Utsleppskontroll

Avvika er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Øyane Asvo AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. februar 2016** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side to.

Med helsing

Britt Solheim
senioringeniør

Ingrid Torsnes
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:
Etne kommune Postboks 54 5591 ETNE

## 1. Informasjon om verksemda

| | |
|---|---|
| **Namn:** Øyane Asvo AS | **Risikoklasse:** 4 |
| **Besøks- og postadresse:** Tongane, 5590 Etne | |
| **E-post:** siv-bente@asvo-etne.no | **Telefon:** 53 75 69 18 |
| **Kommune:** Etne | **Organisasjonsnr.:** 976 486 102 |
| **Bransjenr. (NACE-kode):** 96.010 | **Eigar (org.nr.):** 976 483 782 |
| **Løyve sist oppdatert:** 10.12.2010 | **Siste tilsyn:** - |

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter og produktkontrollova blir haldne.

Tilsynet var ein del av miljøstyresmaktenes kontrollaksjon med vaskeri og reinseri i 2015. Målet med aksjonen er å kontrollere utslepp, handtering av kjemikaliar og farleg avfall, og samtidig sikre lik praksis for regulering av bransjen rundt om i fylka.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll
- Bruk av kjemikaliar og substitusjonsplikt
- Handtering av avfall/farleg avfall
- Utsleppskontroll

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. februar 2016 sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

**Varsel om tvangsmulkt**
Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. februar 2016**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## 4. Kontrollgebyr

Øyane Asvo AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 4. Dette betyr at de skal betale 4700 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for allmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova § 7 om plikt til å unngå forureining
- produktkontrollova § 3 om plikt til å vise varsemd og § 3a om substitusjonsplikt
- internkontrollforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- løyve av 10. desember 2010

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

**Definisjonar**

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

**Avvik 1: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 1, 5, 6 og 7

**Kommentar til regelverket:**
*Kjennskap til regelverk*
Verksemda skal sørgje for at relevant regelverk er tilgjengeleg og kjent i organisasjonen.

*Ansvarsforhold*
Verksemda skal ha oversikt over organisasjonen og skriftleg dokumentere ansvar, oppgåver og styresmakt for bl.a. ytre miljø.

*Risikovurdering*
Verksemda må kartlegge og vurdere risiko for forureining for si daglege drift. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderinga, må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikoen. Det må òg etablerast rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket.

*Rutinar*
Verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitsregelverket.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:**
Verksemda har ikkje kjennskap til alt relevant regelverk. Til dømes var produktkontrollova ikkje med i verksemdas oversikt.

Ansvarsforholda i verksemda var ikkje skriftleg dokumenterte.

Det var ikkje gjort risikovurdering for blant anna:
- sluk i kjemikalierom
- kjemikaliesøl ut frå kjemikalierommet
- skyljing av nesten tomme kjemikaliedunkar og utslepp til offentleg avløpsnett
- handtering av avfall
- bruk av sandfangsmassar på tomten

Verksemda har ikkje skriftlege rutinar for blant anna kjemikaliehandtering, handtering av farleg avfall, substitusjon og prøvetaking.

Verksemda har eit avvikssystem, men har ikkje gode rutinar for å lukke avvik.

**Avvik 2: Verksemda har manglar ved handtering av avfall/ farleg avfall**

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta §§ 11-4, 11-12
Forureiningslova § 7, jf. § 32

**Kommentar til regelverket:**
Avfallseigar har ansvar for å vurdere om avfall er farleg avfall.

Verksemd som leverer farleg avfall skal gje tilstrekkelege opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar slik at vidare handtering av avfallet kan skje på ein forsvarleg måte. Når farlig avfall blir levert skal verksemda fylle ut deklarasjonsskjema.

Forureiningslova § 7 seier at verksemda ikkje må gjere noko som fører til forureining. Hovudregelen i forureiningslova § 32 er at næringsavfall skal leverast til lovleg avfallsanlegg. Eit lovleg avfallsanlegg har løyve frå Miljødirektoratet eller Fylkesmannen, jf. § 29.

Lova opnar for at næringsavfall kan gjenvinnast eller brukast på annan måte. I slike tilfelle er det ein føresetnad at slik gjenvinning eller bruk på annan måte kan finne stad utan at det medfører fare for forureining eller skapar avfallsproblem, jf. §§ 7 og 28. Verksemda må då ha risikovurdert at slik gjenvinning/annan bruk skjer utan fare for forureining.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:**
Det gjekk fram av sikkerheitsdatablada for nokre av kjemikaliane at dei hadde EAL-kode og var klassifisert som farleg avfall. Verksemda skyl kjemikaliedunkane og heller uttynna kjemikalierestar i avløpet. Verksemda har ikkje vurdert om dette er farleg avfall.

Sandfangsrestar blir disponert på tomten. Det er ikkje tatt prøver og dermed ikkje dokumentert at disponeringa av sandfangsmassen ikkje fører til forureining. Det er ikkje gjennomført risikovurdering av at denne bruken av avfall skjer utan fare for forureining.

**Avvik 3: Verksemda har mangelfull kjemikaliehandtering**

**Avvik frå:** Produktkontrollova §§ 3 og 3a
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 og 7

**Kommentar til regelverket:**
*Plikt til aktsemd*
Verksemda må vise aktsemd ved lagring og bruk av kjemikaliar, og treffe rimelege tiltak for å førebygge og avgrense utslepp.

*Substitusjonsplikta*
Ei verksemd er sjølv ansvarleg for aktivt å vurdere dei kjemikaliane ein brukar. Mindre skadelege alternativ skal veljast dersom dette kan gjerast utan urimeleg kostnad og ulempe. Vurderingane for substitusjon skal vere skriftlege.

Svanemerka kjemikaliar oppfyller strenge miljøkrav, og dersom ein vel slike produkt har ein oppfylt substitusjonsplikta. Enkelte leverandører har tilsvarande «snille» produkt, men som ikkje er svanemerka. Det er difor ikkje tilstrekkeleg for ei verksemd som brukar kjemikaliar å vise til miljøbeviste leverandørar, og på den måten sei at ein har vurdert substitusjon. Substitusjonsplikta ligg hos brukaren av kjemikaliar, og det er difor brukaren/verksemda som må kunne dokumentere at ein har vurdert substitusjon.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:**
*Kjemikalielagring og -handtering utan oppsamlingsløysning*
Kjemikaliane vart lagra i rom med sluk til avløpsnett og utan at det var mogeleg for oppsamling om det skulle skje uhellsutslepp.

*Manglande skriftleg dokumentasjon på substitusjonsvurderingar*
Verksemda hadde ikkje kjennskap til produktkontrollova og substitusjonsplikta. Det er ikkje gjort substitusjonsvurderingar, eller laga skriftlege rutinar for substitusjon.

**Avvik 4: Verksemda overheld ikkje alle krav i utsleppsløyvet**

**Avvik frå:** Utsleppsløyve av 10. desember 2010

**Utdrag av krav i utsleppsløyvet**
- mengde tøy til vask er inntil 2 tonn pr. døgn
- forbruk av vaskemiddel skal ikkje overstige 17 000 liter pr. år
- utarbeide måleprogram
- avløpsvatnet skal ha pH mellom 6,0 og 9,5
- mengde avløpsvatn skal ikkje overskride 1 l/s
- temperaturen på avløpsvatnet skal ikkje overstige 40 °C før utslepp
- alt prosessavløpsvatn skal førast til kommunalt nett via utjamningsbasseng med utstyr for måling og prøvetaking
- vassmengd ut av anlegget skal registrerast og pH skal målast
- fire gonger i året skal det analyserast på $BOF_5$ ,$KOF_{cr}$, SS og Tot-P
- det skal også målast på utvalde tungmetall og olje

- innsending av ny søknad basert på målingane
- utføre målingane etter Norsk Standard (NS) eller CEN-standard
- bruke akkrediterte laboratorium
- kvalitetssikre eigne målingar jamleg ved verifisering av uavhengig tredjepart
- redusere feilmarginane ved målingane mest mogeleg
- frist for innsending av revidert søknad for utsleppsgrenser er 1. juli 2011

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:**
Verksemda overheld ikkje krava i utsleppsløyvet:

- vaskar over grensa på 2 tonn pr. døgn
- har ikkje måleprogram
- har ikkje tatt målingar
- har ikkje sendt inn revidert søknad for utsleppsgrenser

Verksemda må sende inn revidert søknad for utsleppsgrenser etter at det er gjennomført målingar slik det går fram av utsleppsløyvet.

## 8. Andre forhold

*Sikkerheitsdatablad*
Vi vil opplyse om at nye krav til sikkerheitsdatablad gjeld i Noreg frå 10. april 2013. Det er til dømes innført nye faresymbol. Dette er gjennomført i samband med Noregs oppfylling av EUs kjemikalieregelverk REACH. Fleire overgangsordningar gjeld. De må kontakte kjemikalieleverandørane, slik at de er sikra oppdaterte sikkerheitsdatablad etter gjeldande regelverk.

*Avfallsdeklarering.no*
I mai 2015 opna avfallsdeklarering.no, det nye elektroniske systemet for deklarering av farleg avfall. Nettsida er den elektroniske erstatninga for det papirbaserte deklarasjonssystemet for farleg avfall. Det er for tida ein overgangsfase, men Miljødirektoratet har sendt sterke signal om at papirdeklarering i stor grad skal fasast ut innan utgangen av året til fordel for det nye systemet på nett. Les meir på Miljødirektoratets nettside.